



Den nye båten ved kai i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye ekspressbåtruta frå Rosendal mot Bergen er og blir eit omdiskutert tema også i Uskedalen, fordi båten ikkje lenger går frå Herøysund. Korleis er eigentleg erfaringane med dette nye tilbudet etter dei første vekene? Tek uskedalingane båten frå Rosendal slik dei før tok båten frå Herøysund? Uskedalen.no har spurd ein kvartett og her er svara, som tyder på at meiningane er svært delte:



Kåre Guddal

Kåre Guddal: - Nei, eg reiser ikkje den vegen fordi det fell dyrare enn å reisa med den gamle ruta frå Herøysund. Eg tar bussen til Bergen!

Gunn Mari Moberg: - Viss eg reiser til Bergen utan bil, tek eg den nye ruta frå Rosendal. Eg gler meg spesielt til lørdagsruta, som vi ikkje hadde frå Herøysund. Den gjer deg mogeleg å ta ein "lysttur" til byen utan bil!



Gunn Mari Moberg



Klara Bakke

Klara Bakke: - Nei, eg tar ikkje den nye ruta frå Rosendal, eg køyrer heller sjølv. Viss det likevel skulle bli aktuelt med ein båttur den vegen, må eg sjekka rutene først.



Jan Frank Christiansen

Jan Frank Christiansen: - Nei, den ruta tek eg ikkje. Den passar slett ikkje med klokkesletta og dessuten vil det vera tungvint å reisa den vegen. Eg køyrer bil, då har eg betre kontroll sjølv.

Av Ola Matti Mathisen